

# KULTURPOSTEN

## NOVEMBER 2017

Informasjonsskriv frå kulturadministrasjonen i Radøy kommune



*Gratulerer med kulturprisen til Frode Myking!*



**RADØY**  
den grønne øya

## **Informasjonsmøte for lag og organisasjonar**

**Tysdag 28. november kl. 19.30 i kommunestyresalen**

### **Tema for møtet:**

1. Informasjon om arbeidet med retningslinjer for prioritering for hall- og bassengtid i Radøyhallen
2. Korleis planlegga for å unngå kollisjonar mellom arrangement?
3. Informasjon frå ungdomskoordinatoren
4. Kulturdagane 2018

## **Kandidatar til ungdomsprisar**

Ungdomsrådet i Radøy skal dela ut prisar til ungdom som har utmerka seg i lokalmiljøet. No kan du koma med forslag på kandidatar til beste motivator og beste organisator. Det er Radøy ungdomsråd i samarbeid med Radøygruppen som står bak prisane.

### **Prisen som «beste motivator» vert tildelt utfrå følgjande eigenskapar:**

- Motiverer andre
- Flink til å inkludera
- Er med på å skapa eit trygt miljø for andre
- Leiarevne
- Tar initiativ
- Er eit godt forbilde
- Engasjert
- Aktiv over tid

### **Prisen for «beste organisator» vert tildelt utfrå desse eigenskapane:**

- Ein som er med og hjelper til og tar initiativ.
- Eit godt forbilde
- Strukturert og rettleier andre
- Inkluderande
- Tatt ansvar over tid
- Engasjert
- Kan vera ein person som ofte jobbar bak i kulissene

Kandidatane må vera i fødd 1999-2004, og må vera busette og aktive i Radøy.

Frist for å senda inn forslag er søndag 3.desember. Forslag skal sendast ungdomskoordinator Katarina Birkeland på e-post: [katarina.birkeland@radoy.kommune.no](mailto:katarina.birkeland@radoy.kommune.no). Forslaga må grunngjevast.

Årets motivator og organisator får utdelt kvart sitt stipend sponsa av Radøygruppen.

# KULTURPOSTEN NOVEMBER 2017

## Frivilligprisen

Frivilligprisen skal gå til ein initiativrik person som gjennom sitt frivillige engasjement har betra trivsel og livskvalitet for andre innbyggjarar i kommunen.

Alle privatpersonar, lag og organisasjonar som er heimehøyrande i Radøy kan koma med framlegg. Med kvart framlegg må det leggast ved ei grunngjeving som kan stø opp under kandidaturet. Prisen er eit diplom og eit kunstverk.

Framlegg kan sendast innan 20. november 2017 til: Frivilligsentralen i Radøy, Radøyvegen 1690, 5936 MANGER eller på e-post til [postmottak@radoy.kommune.no](mailto:postmottak@radoy.kommune.no).



*Arve Skjellanger fekk Radøy kommune sin frivilligpris 2016.*

## Arrangement i Kulturdagane 2018

Kulturdagane i Radøy vert arrangert i perioden 20.-29. april 2018. Dette er dei siste kulturdagane i Radøy kommune.

Har du, laget ditt eller verksemda di noko de ynskjer å bidra med? Då høyrer me gjerne frå deg! Frist for å melda inn arrangement er 21. januar.

Kontaktperson for kulturdagane er Bente K. Hervik  
e-post: [bente.hervik@radoy.kommune.no](mailto:bente.hervik@radoy.kommune.no) / tlf. 56 34 90 12.

## Tilskotsordningar

### Leiaropplæring (Radøy kommune)

Det kan gjevast støtte til lag og organisasjonar til å dekkja utgifter til relevante kurs for leiarar, styremedlemer, trenarar og instruktørar i laget. Med relevante kurs meiner ein at kurset skal ha tilbakeføringsverdi til laget. Søknadsfrist heile året.

### Prosjekt- og aktivitetsstøtte (Radøy kommune)

Tilskot kan gjevast til opne kulturarrangement og -prosjekt, og til innkjøp av utstyr. Arrangement og prosjekt som er nyskapande vert prioriterte. Tilskotet er behovsprøvd og kan gjevast som underskotsgaranti eller direkte tilskot.

For meir informasjon om tilskotsordningane, sjå <http://www.radoy.kommune.no/kulturmidlar>

## Tilskotsordning mot barnefattigdom

Målet med ordninga er å motverka eller dempa konsekvensane av fattigdom blant barn og unge. Er dette noko for laget ditt? Då kan de søkja støtte frå Bufdir innan 8. desember.

### Kort om tilskotet

Målet med ordninga er å motverke og eller dempe konsekvensane av fattigdom blant barn og unge. Tilskotsordninga er eit verkemiddel for å betra barn og unge sine moglegheiter til å delta på viktige sosiale arenaer, som til dømes ferie- og fritidsaktivitetar - uavhengig av inntekta og den sosiale situasjonen til foreldra.

### Kven kan søkje?

- offentlege instansar
- private aktørar
- frivillige lag og organisasjonar

### Kva kan du få støtte til?

Du kan søkje om støtte til tilak som:

- bidrar til at barn og unge som er ramma av fattigdom og familiane deira kan delta på kultur- og fritidsaktivitetar
- bidrar til at barn og unge som er ramma av fattigdom og familiane deira kan delta på ferieaktivitetar
- bidrar til at barn og unge som er ramma av fattigdom kan delta på alternative meistringsarenaer

### Slik søker du

Gå til søkjarportalen til Bufdir: <https://soknadsportal.bufdir.no/>

På sidene til Bufir ([https://www.bufdir.no/Tilskudd/Soke\\_om\\_tilskudd/Barnefattigdom/](https://www.bufdir.no/Tilskudd/Soke_om_tilskudd/Barnefattigdom/)) finn du regelverk, rettleiar til oppdatert regelverk, meir informasjon om søknadsprosessen og årsplan for tildeling.

### Lurar du på noko?

Ta kontakt med kommunalsjef for helse og omsorg, Mette Fauskanger:

- Tlf. 56 34 90 15
- e-post: [mette.fauskanger@radoy.kommune.no](mailto:mette.fauskanger@radoy.kommune.no)

